



# Møtebok

Sak nr 36/2009

Møtedato: 9.9.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 873

## S 873, Nørre Trøllhøvd – søknad om aggregathus

Gjermund Myrvang søker om å få føre opp aggregathus på stølen på Nørre Trøllhøvd. Huset måler 2,5 m x 3,9 m og teikningar er lagt ved søknaden. Aggregathuset skal førast opp ved sørenden av fjøset.

Søkjaren driv mjølkeproduksjon på stølen og søknaden skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Statskog og Oppland fylkeskommune er bedt om uttale til søknaden.

Statskog har i brev datert 25.august opplyst at dei ikkje har merknader til søknaden.

Oppland fylkeskommune skriv i brev datert 28. august:

*Teikningane viser eit hus med saltak som er røsta på tvers av lenderetninga. Det vil bli ei betre estetisk utforming og tilpassing til stølsmiljøet dersom taket blir snudd 90 grader. Døra bør bli mindre og flytta til gavlveggen. Dersom det er behov for to dører, kan det vara ein vanleg tofløya låvedør. Takvinkel bør vera som på fjøset.*

*Bygningen få ei utforming som er betre tilpassa stølsmiljøet. Ut over det har vi ingen merknader til oppføring av aggregathus.*

## Vedtak

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.4.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Gjermund Myrvang  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskommune  
Statskog